# OS Kyrkjeblad

Nr. 2 / April 2017 / 72. årgang



## Skapningsdagane

Mandag 26. - onsdag 28. juni er det igjen klart for Skapingsdagane i Os kyrkjelyd!

Side 12



### Blått hav med altfor mye plast

Dette var overskrifta for gudstenesta på askeonsdag ved inngongen til fastetida.

Side 2



### Å vere kyrkjelyd

I den kristne trua står menneske sin verdi sentralt. Vi er alle menneske med same verdi.

Side 4



### Join no og Join us i 40!

I 1977 vart det starta gospelkor med band i Os. Koret har hatt sin plass i kyrkja sidan den gong.

Side 10-11

**OS Kyrkjeblad**
Nr. 2/2017

*Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.*

**REDAKSJON:**
Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**
Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**
Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**
Picapoint Studio
www.picapoint.no

**FOTO FRAMSIDE:**
Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS
**OPPLAG:** 8.055 stk

**OS SOKNERÅD:**
Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**
Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10

**KYRKJEKONTORET I OS:**
Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
Fax 56 57 24 01. E-post: post@os.kyrkja.no
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



# Ein himmel full av stjerner
# Blått hav med alt for mykje plast ...

*Dette var overskrifta for gudstenesta på askeonsdag ved inngongen til fastetida. Bakgrunnen kjenner dei fleste. Det triste synet av mageinnhaldet i nebbkvalen som stranda på Sotra. Den var full av plast.*

Ved inngangen til fasta bruker vi å lese profeten Jesaias ord:

> *Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer,*
> *sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund,*
>
> *å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus.*
> *Du skal sjå til den nakne og kle han,*
> *du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.*
> *(Sjå Jes. 58,4-10).*

Saman med Kirkens Nødhjelp har vi nettopp arrangert fasteaksjonen. Konfirmantane har gått fra dør til dør med innsamlingsbøsser. Pengane skal gå til reint vatn til folk som ikkje har det.

Det er ikkje noke langt sprang fra Jesaias oppmoding om å stille opp for vår lidande neste – til å ta på alvor vårt ansvar for naturen og dyra. Øydelegg vi skaparverket så øydelegg vi livsgrunnlaget for både oss sjølv og vår neste. På Jesaia si tid – og heilt til 1900 talet var det ein heilt utenkjeleg tanke – at vi kunne øydelegge naturen.

Vi utfordra ein av kunstnarane i bygda, Vidar Bratlund-Mæland, til å lage bilete for denne gudstenesta. Under et par veker etterpå kjem han inn på kontoret med 5 bilete. Alle med motiv hav - livet i havet – plast. Desse bileta var det som tala alvorleg til oss i gudstenesta. Varaordførar Laila Reiertsen var med som tekstlesar på gudstenesta. På kyrkjekaffen etterpå innleia Marie Hauge, kommunikasjonsrådgjevar ved havforskningsinstituttet, om plastproblematikken.

Vi høyrde mange engasjerte innlegg. Det trengs. Plast i naturen er eit enormt stort og alvorlig problem som utfordrar oss til både privat og offentlig innsats. Og det må til samarbeid internasjonalt for å finne løysing på dette store uføret. Vi treng ny lovgjeving og ny giv på mange måtar for å leie utviklinga i nye spor. Men vi klarte å få bort blybensin. Det gjev håp om at vi på sikt også kan få slutt på at plasten havnar i havet og i naturen.

Ein tur på våre vegar her i Os viser at det er mange som gir blaffen. Der er utrulig mykje plastsøppel langs våre vegar. Gjennom stat og kommune er det nå mulig å få bidrag til oppryddingsaksjonar. Folkens. Ta ein alvorlig samtale om kva du og din husstand vil gjere. Det gjeld oss alle. Det er alt for dumt å sitte bak i båten og le av at det lekk framme i båten. Det er ikkje ok om noken hiv søppel inn i huset vårt. Men jorda er vår felles storstove. Er det meir ok da?

**Knut Ivar Askeland**
SENIORPREST I OS



*Bilete er måla av Vidar Bratlund-Mæland.*



# Konfirmantane våre

*Vi er inne i siste del av konfirmantopplegget for i år - siste temasamling, siste gruppesamling, siste oppgåve i Nettkonfirmant, siste gudsteneste.*

Det er mykje som skjer i løpet av 8 månader som konfirmant. Vi som har hovudansvar for alt dette trivst godt med jobben og det skuldast i stor grad at ungdommane vi møter i konfirmanttida er fantastisk kjekke. I år har vi hatt 155 konfirmantar. Talet varierer frå 150-200 konfirmantar kvart år.

Dette er store grupper som utfordrar oss som skal undervise på fleire måtar. Vi ynskjer at våre konfirmantar skal oppleve å verte kjend med dei tilsette og medlemane i kyrkjelyden vår slik at dei får erfare at her høyrer dei til. Her er dei kjent og vert sett !

Vi ynskjer at dei skal få kunnskap om kyrkja og den kristne tru utifrå den kunnskapen og bakgrunnen dei har med seg. Vi ynskjer at dei skal få forståing for røtene og historia som kristen tru, Bibelen som kyrkja vår byggjer på. Vi ynskjer at dei skal oppleve eit godt og kjekt fellesskap med dei andre konfirmantane og med leiarane, der alvor og moro går hand i hand. Vi håpar alle konfirmantane våre har erfart noko positivt innanfor alle desse områda dette året!
Tru og verdiar er noko vi alle må forholda oss til i vår tid. I møte med aukande mangfald og ulikskap i samfunnet vårt vert det særs viktig å kjenne sin eigen ståstad, si eiga tru og kyrkjesamfunnet ein er medlem av. Konfirmanttida skal vere med å gjere ungdomane våre i stand til å ta eit sjølvstendig val.

Dei vert kjend med og får kunnskap om kyrkja og trua som dei vart døypt inn i som liten. Dei som ikkje er døypte kan og nytte høve til delta i konfirmantundervisninga for å verte kjend med eit trussamfunn dei vurderer å verte ein del av.

Som 15-åring har du etter norsk lov (barneloven §32) rett å ta eit sjølvstendig val når det gjeld medlemskap i trussamfunn (og andre lag/foreiningar).

Samtidig som vi no avsluttar eit konfirmantår er vi i full sving med å planlegge opplegget for neste konfirmantgruppe (2017-18). I mai vil vi sende ut brosjyre til alle døypte ungdomar i Os. Vi informerar på skulane og innbyr foreldre til informasjonsmøter i Os kyrkje og i Nore Neset kyrkje.
Påmelding vert opna i midten av mai; sjå web: **os.medarbeideren.no**.

*Vel møtt som konfirmant i Os kyrkjelyd!*

## Ordtak frå Salomo, son til David og konge i Israel

*Ordt. 1, 1-4*

2 Til å gje kunnskap om visdom og formaning, til å forstå forstandige ord,
3 til å ta imot formaning som gjev innsikt om ærlegdom, rettferd og rett,
4 til å gje vitlause vit og den unge kunnskap og omtanke.

DIAKONI

# Å vere kyrkjelyd - kva er vel det?

*I den kristne trua står menneska sin verdi sentralt. Vi er alle menneske med same verdi og har same rett til eit ukrenkeleg liv.*

I gjerningane vi gjer, i verdiane og i haldningane våre kan vi ta ansvar for at andre kan få kjenne seg verdifulle. Som kristen handlar denne verdien om at vi alle er skapt i Gud sitt bilete, og at alle er ønska av Gud. Gud ønsker det gode for oss alle, og som kristen har vi eit spesielt ansvar for å vise våre medmenneske at dei har verdi.

Vi har eit spesielt ansvar i møte med utsette grupper og enkeltpersonar som av ulike grunnar er sårbare. Sanninga er at dei fleste i løpet av livet opplever sårbare tider, og derfor har behov for omsorg. Vi veit ikkje alltid kven dei er. Andre gongar forstår vi at det kan vere ekstra fint å vere i ein fellesskap der dei kjenner seg ønska og sett. Vi som kyrkjelyd må stå saman i dette – det er vårt ansvar.

Vi har ansvar for våre medmenneske, og det er mykje omsorg i det å møte enkeltpersonar som kjem til kyrkjetunet eller ei av kyrkjene, med ekte interesse. Det er mange grunnar for å kome hit; Det varierer alt i frå å vaske golv, steike vaflar, leike med andre barn, sosialt samvær, å feire nattverd og mykje anna. Alle grunnane er like viktige. Dei som kjem hit ønskjer å vere i fellesskap med andre som kjem hit til kyrkjelyden. Tenk på det! Det einaste naturlege når så mange kjem hit er at vi alle strøymer til for å inkludere i fellesskapen i kyrkjelyden. Mange av dei som kjem kan oppleve dette med tru, religion og livssyn som vanskeleg. Det må vi ha respekt for. Møta med kvarandre har ei betyding. I dette møtet inkluderer vi i kyrkjelyden, og i dette møtet får Gud virke på sin måte utan at vi treng nemne han med ord. Når vi blir betre kjent kan det bli naturleg å snakke om tru, likskapar og ulikskapar, og vi kan inviterer til barnekor, ungdomsklubb, gudsteneste og anna.

Dei som kjem til kyrkjelyden vår veit at dette er den kristne kyrkja. Vi skal ikkje inkludere i kyrkjelyden og vise omsorg for enkeltpersonar for at dei som kjem skal bli kristne. Vi skal inkludere fordi alle menneske er verdifulle og ønska av Gud. I omsorga, i nysgjerrigheita og interessa vi viser for medmenneska våre, der er Gud.

Vi menneske er meint for å vere i fellesskap med kvarandre, og vi treng andre menneske. Det er rikt for oss å vere ein del av ein fellesskap som myldrar av mangfald og ulikskapar. Det handlar om sjølv å få lov å sjå og å gi til andre, og det handlar om å bli tatt imot og å bli sett av andre. Ein slikt gjensidig fellesskap gir motivasjon og inspirasjon, og skapar håp.

***Jannike Gangstø Rogne***
DIAKON





# Camp Os

## *Leirdagar med misjon og meining. Laurdag og søndag 25. – 26. mars*

I samarbeid med NMSu og Fellesforeininga for NMS i Os, arrangerte Os kyrkjelyd «bu heime»- leirdagar i Tunet (Camp Os). 13 born/tweens i alderen 9 – 13 år var samla og fekk delta i mange kjekke aktiviteter og misjonsfokus frå lørdag formiddag til søndag ettermiddag. Damene frå Misjonsforeningane styrte kjøkkenet og lagde god lunsj og pizza til oss gjennom heile lørdagen.

Siri Mjølsnes (NMSu) fortalde oss om misjon; heime og i andre land. Steinar Haugland var med og fortalde litt om landet og kulturen i Estland. Han lærte oss både å telje, synge og snakke på estisk! Roar-prest viste bilder av den nye kyrkja som skal byggast i Mustamäe og prosjektet som vi skulle samle inn penger til. Elles; mykje leik og moro, konkurransar, underholdningskveld og god mat. Vi avslutta leirlørdagen, som seg «hør og bør», rundt leirbålet ute.

På søndagen deltok vi på gudstenesta, med song og drama. Etterpå tok vi heile kyrkjelyden med på «Misjonstivoli» til inntekt for misjonsprosjektet i Estland. Her «måtte» alle betala med misjonspengar dei hadde kjøpt i kiosken, for å delta i konkurranser og aktiviteter. Det gjekk fort i svingane, og i periodar gjekk vi tom for «misjonspengar»! Favoritt-aktiviteten var nok å få lov å kaste våte svampar på presten. Ca 12000,- vart samla inn til kyrkjebygging i Mustamäe, Tallinn i Estland, denne helga.

# NMS – arbeid i England

**Vår kapellan Roar Evjedal og kona Ingvild var ein periode i NMS-teneste i England der ein skulle etablere kyrkjeleg ungdomsarbeid. NMS har fleire stader i England der dei har tilsvarande arbeid og vi fekk for kort tid sidan oversendt denne rapporten.**



## Kjære NMS partnere!

Mitt navn er Andreas Granerud og jeg jobber for NMS i England. Jeg er gift med Jorunn og vi jobber i Penrith by med å utvikle en cafe for ungdom midt i byen.
Jeg vil gjerne dele en historie fra prosjektet vårt i Penrith med dere:

Målet med cafeen vi er med å utvikler er at den skal være et sted der ungdom kan komme som de er og ha det kjekt sammen etter skoletid. Det er investert i blant annet biljardbord, X-box og diverse utstyr for å lage kunst. I tillegg serveres det «hot chocolate» og noe å spise slik at ungdommene ikke trenger å dra hjem, men kan komme rett fra skolen. Mandagscafeen fungerer som en ungdomsklubb og har ikke et spesielt misjonerende uttrykk, selv om alle vet at det er en del av kirkas prosjekt, noe som også gjenspeiler seg i musikken som spilles.

Den fungerer imidlertid glimrende som et første steg inn mot kirke og utforsking av kristen tro for de som ønsker det.

Slik var det for Rebecca (16) som akkurat hadde flyttet til en landsby utenfor Penrith. Hun kjente ikke så mange i området, men fant seg raskt til rette på cafeen. På sommeren skulle vi ta med en gruppe ungdommer på «Soul Survivor», som er en kjempestor kristen ungdomsfestival i Storbritannia. Hun bakte kjeks som hun solgte i cafeen for å dekke egenandelen til turen. På Soul Survivor valgte Rebecca å ta imot Jesus. Hun ble også kjent med blant andre Chloe som er med på en av de andre gruppene som NMS er med å støtter gjennom arbeidet i Penrith. Derfor er Rebecca også blitt med i denne cellegruppen. Nå har hun også blitt ungdomsleder på cafeen vår. Og til sommeren skal hun på Soul Survivor igjen!

# Os kyrkjelyd på tur til Estland

**I mange år har Os kyrkjelyd hatt ein relasjon til Estland, men det er lenge sida det har vore tur dit. Difor inviterer misjonsutvalet no til ein langweekendtur til Tallinn i byrjinga av haustferien.**

Fredag 6. oktober kl 08.30 reiser vi frå Flesland til Tallinn via Oslo. Vi vil ha eigen reiseleiar på turen, og reiser med buss når vi er i Tallinn, og bur på Palace Hotel, i gangavstad til det meste i byen. Det blir guida tur i Tallinns vakre gamleby, og vi legg opp til eit program med gode kulturelle og gastronomiske opplevingar.

Men framfor alt vert det besøk til våre venskapskyrkjelydar i Mustamäe og Saku. Vi vil treffe både Tiina Klement som har vore fleire gonger i Os, og NMS- misjonær Magne Mølster. På søndagen deltek vi på gudsteneste.
Heimreise blir måndag 9. oktober kl 13.35 frå Tallinn, via Oslo, til Flesland.
Pris på turen er ca 6000 kr pr pr person.
Prisen inkluderer fly Bergen-Tallinn tur/ retur, buss flyplass- hotell tur/retur, guiding i Tallinn og tre netter på hotell i delt dobbelrom med frokost.

**For meir informasjon og påmelding, ta kontakt med Roar H. Evjedal på e-post rhe@ os.kyrkja.no eller Leif Fjellvang på e-post leif.fjellvang@gmail.com**

# Misjonstevne 5. juni!

**Os fellesforening av Det Norske Misjonsselskap inviterer i år til Misjonsstevne 2. pinsedag, 5. juni. Gudsteneste i Os kyrkje kl. 16.**

Misjonssamvær i Kyrkjetunet etter gudstenesta. Tale og misjonsnytt ved Malimisjonær og områdeleiar Ingvald A. Frøyen. Sang av Ellen og Linda Haugland. Ettermiddagskaffi og jubileumsmarkering.

*Velkommen*



Foto: Os & Fusaposten

# TUNET - kyrkje- og kultursenter

*No står det nye TUNET kyrkje- og kultursenter klårt. Godt tenleg reiskap for kyrkjelyden sitt arbeid. Brutto godt over 1000 kvm inkludert tekniske rom.*

Fredag 10. mars var det opningsfest med 200 gjester, helsingar og underhaldning og god mat.
Gode gåver frå Mødreklubben/jenteklubben (248-tusen) og Os Y´s men club (100-tusen).
Opningshelga igjennom var det ope hus med tilbod for familiar, vaksne og ungdomskveld.
Sundag kyrkjekaffi, sundagssamling og kveldsjazz.




Foto: Os & Fusaposten

## Os sokneråd takkar for opningsgåve frå desse verksemdene i Os:

- **Drageset AS**
- **ABO PLAN & ARKITEKTUR**
- **Flebugården AS**
- SIBI

Samla gåvebeløp: 100.000,-





# DET NYE TUNET

*Os-bygda har med det nye TUNET kyrkje- og kultursenter fått eit nytt aktivitets- og konsertlokale sentralt i Os sentrum. Storleiken med plass til godt over 200 publikummarar vert TUNET eit nyttig supplement til vårt flotte kulturhus Oseana.*

## KYRKJETUNET

Trinn I stod klår til bruk hausten 1989.
Kontorfløy reist 1999, utvida 2013
Trinn III (storsal) reist 2017 og trinn I oppgradert.

**Arkitekt alle byggetrinn:**
IDEA Agnar Lunde

**TRINN III:**
Konsulent bygg og arkitektur: Akasia
Hovudentreprise: Byggmester Kjell Aarvik.
Byggherre/Finansiering: Os sokneråd



**Storsal** - med plass til godt og vel 200 publikummarar.
Scene med ljos og godt lydanlegg.

**Stor foajé** - god garderobeplass, «vrimleområde» og plass for utstillingar.

**Eldstova** - oppgradert med nye møbler, nye vegger, nytt lydanlegg.

**Vetlesalen/spegelen**
- oppgradert med nye ljos, vegger og etter kvart nokre skåp og spegel.

**Salongen**
- oppgradert med nye ljos, vegger.

**Ungdomsrommet**
- ferdigstillast i løpet av april.

Tunet har 2 kjøken og rikeleg med naudsynt utsyr til dekking av bord. Såleis kan det vere fleire arrangement samstundes.

***TUNET kan leigast av private og lag og organisasjonar til ulike formål:***

- Seminar/kurs
- Foredrag
- Medlemsmøter
- Markering av ulike dagar som
- Dåp
- Konfirmasjon
- «Runde» dagar og andre samlingar
- Utstillingar
- Konserter
- Minnesamvær

***Kontakt kyrkjekontoret for informasjon om prisar og leigevilkår og evt tinging av rom så langt det er ledig.***



# Konfirmasjon i Os

*Ei Konfirmasjonsgudsteneste er ei vanleg gudsteneste, men der kvar konfirmant kjem fram til alterringen og vert bedt for. Program med dei ulike liturgiske ledd + salmane som skal syngjast vert delt ut til alle som kjem for å delta i gudstenesta. For kvar kyrkje er det egen namneliste over kven som vert konfirmert ved kvar gudsteneste, med tid og dato.*

## Plassar i kyrkjene

Det vert reservert plassar i kyrkjene, **berre for konfirmantane**. Det er ikkje maksimumstal på kor mange gjestar kvar konfirmant kan be med til kyrkja; kvar konfirmant/familie ber med seg dei ein ønskjer skal vere til stades. Ver derfor ute i god tid. Det vert alltid fullt slik at dei som kjem sist må kanskje stå. Det vert teke opp offer til konfirmantarbeidet ved kvar konfirmasjonsgudsteneste, så fint om ein har med kontantar.

## Parkering

Ved Nore Neset kyrkje er det avgrensa med parkeringsplass ved kyrkja, men det er anledning å parkere ved skulane (5-7 min gange).
Ved Os kyrkje kan ein parkering ved nedre skuleplass (fotballbanen) og i Os sentrum.

## Fotografering

Ein må gjerne fotografere når konfirmantane kjem inn i kyrkja og når dei går ut. Mange synes også det er flott å ta bilete av konfirmanten på kyrkjebakken etter gudstenesta.

## Os kyrkje
### Laurdag 6. mai

**Kl. 10.00**

Haldor Presthus Lønningdal
Jan Villmann Vik
Asbjørn Olav Orvedal
Tori Saltnes
Kamilla Steinkjer Bentzen
Ida Marie Grønvigh
Johannes Holmefjord Sælen
David Henry Skau
Håkon Strømland Johnsen
Erik Mjelva
Amalie Røttingen Særvold
Elin Moberg Rosland
Brianna Maria Rodriguez
Lisa Jæger
Are Botnevik
Henrik Borgen
Anna Blindheim Skjælaaen
Elias Heggland Myrlid
Dorthea Rein Haga
Helena Natvik Haarstad
Kai Daniel Øye

**Kl. 12.00**

Thomas Buczynski
Julie Vik
Sara Lundgren
André Berge Fagerthun
Hanna Hevrøy Aspenes
Lena Nåmdal
Synne Irene Hellesen Brunvoll
Thomas Hjertaker

Thea Kamilla Sivertsen Garvik
Maia Emilie Skudal
Stine Eide
Tidemann Sperrevik
Nora Underhaug
Karolina Emilia Bednarz
Marcus Jakobsen Bruarøy
Marielle Jeanette Haugen
Malene Askvik Midtbø
Liam Forstrønen Kittelsen
Mathilde Glomsaas Sennesvik
Thea Njøten
Agathe Cøllestine Lekven
Helene Cecilie Furebotn
Mika Lyssand Hodneland
Victoria Bjørgo Haarvei
Sofie Evensen
Juni Hægland
Sivert Andersland Boge
Malin Lyssand

## Nore Neset kyrkje
### Sundag 7. mai

**Kl. 10.00**
Henrik Mortensen Søfteland
Aleksander Nybø Hegdal
Fabian Kalstad Hjertholm
Kevin Gundersen Haugland
Christian Riis
Emma Sofie Midtsæter Strønen
Emil Korsnes Mjelde
Erle Lygre Knarvik
Amalie Heggland Birkeland
Josefine Kronstad Gjertsen
Jakob Hagen Olsvold
Charlotte Torreon Oknses

**Kl. 12.00**
Kim Rudi Svortevik
Thomas Hildershavn Rød
Stian Askvik Bøe
Kyrre Johan Haugland
Lasse Arntzen
Sara Abrahamsen Skjeie
Tuva Oline Morvik Håland
Torstein Davidsen Haugetun
Mathias Røttingen Heggland
Vilde Chyba Norstad
Celina Beate Reusch Sæle
Tord Enoksen

## Nore Neset kyrkje
### Laurdag 13. mai

**Kl. 9.30**
Tara Bøe
Andrea Leirvåg
Andreas Isdahl Wammer
Jostein Lunde Haga
Lynn Bøe
Espen Hauge Sørstrømmen
Jøran Svenningsen Nordtvedt
Anais Benedicte Playez

**Kl. 11.30**
Øyvind Laastad
Marthe Ingeborg Pettersen
Marte Vevatne Jensen
Vegard Østgulen Mortensen
Joakim Fosse Strønen
Malin Dale
Silje Eide Abrahamsen
Mats Wicklund
Viviann Njåstad Thorsen
Martin Skønberg Karlsen
Matias Døsen Pontoppidan

**Kl. 13.30**
Eric Mykleby Storum
Sara Helene Knudsen
Alicia Askvik Dyrstad
Stephan Sebastian Blum
Malin Askvik Sørhage
Mariell Nyhamn Olsen
Malene Sirevåg Magnussen
Marcus Færøy Kristiansen
Anders Wallevik
Joakim Bertelsen
Odin Stang
Mathilde Oen
Emma Nicolaysen

## Os kyrkje
### Sundag 14. mai

**Kl. 10.00**
Ole Risøen
Julian Lundervik Sælen
Herman Hauahei Moberg
Henrik Tysse Sperrevik
Isabella Christiansen
Jan Henrik Robberstad
Erik Øye
John-Marcus Davidsen-Tingvatn
Nils Gunnar Øvreeide Holemark
Fartein Kofoed Rimstad
Anna Lyssand
Jonatan Brekke
Kristina Lyssand Rosvold
Madelen Koldal Holme
Magnus Fagerbakke
Yan Vitor Candido Fernandes
Sondre Kvamsdal
Trygve Sundfjord Herskedal
Storm Hjertholm Pedersen
Emily Kumhee Moberg

**Kl. 12.00**
Sindre Hansen Eileng
Steffen Fagerlid Andreasson
Thea Skoglund Lokøen
Olliver Bakkely
Regine Engelina Hatvik
Sondre Emil Kvernes Kleppe
Ronja Berg
Sander Haglund
Martine Blomberg
Jacob Andreas Parnefält Størksen
Oda Sørtveit Lekven
Vegard Mitsem Heggland
Stian Tømmernes Klakegg
Olav Jøssang
Sander Bakke
Oscar August Lekven Fimreite
Pål Rye Aasheim
Tina Bastiansen Torgersen
Anne Dorthe Lundberg
Oskar Fredriksen Lunde
Stein-Inge Nordland Andersland
Vilde Drange Veglo
Oliver Noa Hindenes
Trym Ødegård Aksnes
Adrion Gaassand Lekven
Sondre Midtbø
Oskar Riis Gulbrandsøy

# Join Us!



Join Us på Vinterfestival på Voss februar 2017.

*Ja, join us om du er mellom 13(8.kl) og 19 år og likar å syngja! Du treng IKKJE vera superflink til å syngja for å byrja, men det er jo ein fordel å vera glad i det!*

## Kva er Join Us?

Join Us er eit tensing-kor (ungdomskor) tilknytta Norges KFUK-KFUM. KFUK-KFUM (Kristelig Forening for Unge Kvinner og Kristelig Forening for Unge Menn) er ein nasjonal kristen barne- og ungdomsorganisasjon. Norges KFUK-KFUM er ein del av dei to verdsrørslene YWCA og YMCA. Join Us tensing blei starta i 1977 av Torbjørn Helgesen i regi av Os kyrkjelyd. Så det betyr at Join Us har 40 års jubileum dette året! ( Sjå eigen artikkel i bladet. ) Join Us «are still going strong», så det er berre å slengje seg med! Vi øver kvar onsdag kl 19-21 i Kyrkjetunet (mellom Os kyrkje og Coop Prix).

Også dans, drama, band og lydteknikk! Men det er ikkje berre sang vi driv med. Om du er glad i eller har lyst til å danse, spela drama, spela i band eller læra om lys- og lydteknikk er Join Us også noko for deg! For ca ein gang i månaden har vi tema-øving der vi deler oss i desse gruppene. Då er ein fast med i same gruppe gjennom heile året. Her, som på dei vanlege øvingane, jobbar vi fram mot det store vårshowet som Join Us har kvart år.

## Vårshow

For kvar vår/sommar har vi eit stort show der vi viser alt vi har øvd på i løp av året. Og vi ynskjer med det å formidla eit godt budskap gjennom både musikk, dans og drama.

Ellers deltek vi også på nokre gudstenester og andre lokale hendingar gjennom året.

## Sosialt

Eit viktig poeng i tensing er at det ikkje berre skal vera ein stad der ein musiserer, men også ein stad der det sosiale er like viktig. Difor har vi ein sosialweekend kvar haust, og vi prøver å ha tid til både leik og prat innimellom på korøvingane. Vi har alltid ein pause midt i øvinga med litt god pausemat som frukt, kjeks, bollar, kake e.l.

Dessutan reiser vi kvart år på helgetur til vinterfestivalen på Voss! Det er ein tensing-festival der kor frå heile Bjørgvin bispedøme deltek. Det pleier vera veldig kjekt!

## Andakt

Join Us er også ein plass der du får høyra og ta del i den kristne trua. Difor har vi andakt kvar korøving. Den varer ca 10 minutt. Andakt tyder at ein person (forskjellig frå gong til gong) kjem og deler nokre ord om Gud med oss. Og så pleier vi å be Fader Vår/Vår Far til slutt.

## Kom laurdag 17.juni!

Laurdag 17. juni kl 18 er nemleg dagen for årets vårshow! Vel, vårshow, kan ein vel ikkje eigentleg kalla det denne gongen sidan vi då er komen til den fyrste sommarmånaden. Men show vert det i alle fall! Her er heile familien og alle andre velkomne. Så om du vil sjekka ut kva Join Us er, så er dette dagen å koma på!
Vi i Join Us ynskjer alle som er mellom 13 og 19 år velkomne til å byrja! Fyrste øving til hausten vert onsdag 23.august. Sjå nettsida kyrkja.no/os for kalendar og info.

*Så vi seier igjen: Hjarteleg velkomen til Join Us!*

## Vi i Join Us Ten Sing har bestemt oss for å gjere vårshow til sommershow!

**Vår(t)-show i Tunet lørdag, den 17. juni :-) kl 18:00.**

Kom og sjå og høyr alt vi har øvd på i vår! Billettar ved døra og på kyrkjekontoret i forkant! Kr 50 for dei store og kr 25 for dei små! Alle er hjarteleg velkomne!

*Styret i Join Us*

# «Gamal» Join Us'ar takksam

**Olav Skorpen byrja i Join Us i 1986. Han kjende seg inkludert frå fyrste stund, og Join Us har hatt stor betydning for Olav, både musikalsk og sosialt. Han uttrykkjer stor takksemd til fleire personar for måten dei møtte han på.**

– Dei som allereie gjekk der tok godt imot meg og eg kjende meg raskt som ein av gjengen.

## Konfirmant

-Eg byrja i Join Us fordi eg hadde høyrt at det var ein behageleg, og kanskje til og med kul måte å gjennomføra konfirmantførebuingane på. Det var det òg! Olav var med i Join Us i 3-4 år. Han var med på både øvingar, weekendar, turar, fisketurar og ellers det som skjedde.
– Tida i Join Us var veldig fin. Eg fekk mange gode vener og eg har kontakt med fleire av dei enno. Vi var saman, ikkje berre på korøvingane, men ellers også. Båtturane med M/K Osing er utallige og ugløymelege. Eller var det stas å få reise på kortur til Østerrike to ganger på berre få år!

## Stor betydning

Olav driv i dag mykje med musikk, og spelar bass i fleire ulike band som har oppdrag både her og der. Han er bl.a. med i ein trio med Eirik Søfteland, der dei tek oppdrag i bryllup o.l. Musikalsk har Join Us-tida vore viktig for der han er no. For, som for mange andre kjende musikarar, starta musikkutviklinga i tensing.
– Simon Bjørnevik lærte meg å spele bass. Eg digga den «groove-ige» måten hans å spela på. Og både han og bror hans, Hallgeir, lærte meg også mykje anna, og eg er evig takksam for det!

Eg er også takksam til lydgutta, med Arthur Håkon Botnevik og Arne Hernes i spissen, som lærte meg å lytta til «rett» musikk, altså musikk som var av kvalitet og som var god å spela bass til. Noko som faktisk har sett kraftig preg på livet mitt og gjer det fortsatt.

## Dattera sin tur

Og så er det dattera, Sol, sin tur til å gå i Join Us. -Eg leste ein plass at ein kunne vere med i Join Us frå 13 år. Eg foreslo at vi kunne ta turen ned og ho likte seg frå første stund. Etter berre ei veke reiste ho med koret på tur til Voss på Vinterfestival. Ho gler seg til kvar øving!

# 40-års jubileum i september

*Join Us-laurdag for å feire 40 år, den 30. september 2017 – vil samle folket som har vore i miljøet oppigjennom åra.*

I september 1977 starta gospelkor med band i Os - ei kjærkomen song- og musikkform fann sin plass i Os-kyrkja, og fekk tidleg namnet Join Us.
Om lag 10 år seinare vart koret ein del avTen Sing-bevegelsen og utvikla seg med grupper som dans, drama, band, lys- lyd og scenecrew, og har opp gjennom åra vore populært blant ungdommane. Mange tilhøyrt desse gruppene vel så mykje for å vera ein del av miljøet, enn for sjølve synginga.

I tillegg til øvingar og konsertar har det vore aktivitetar som "ope hus", øvings- og sosialweekendar, vinterfestivaler, delekveldar, nattcupar, nyttårsaftnar, turar i inn- og utland, og mykje meir! På 90-talet var mange av oss heldige å få delta i oppbygginga av Ten Sing-arbeidet i Estland. Vi var på sommarturar og prosjektturar i haust- og vinterferiar. Vi har hatt mange trufaste bussjåførar til å frakte oss rundt på kortare og lengre turar.
Det har oppstått mange nye vennskap gjennom desse åra, og nokre har vorte meir enn berre gode vener... Kven har ikkje stått i koret og sendt lange blikk..? Heldigvis kunne ein få gode råd av kjærleiksekspertar i ulike turaviser.

Gjennom fleire år, vart Join Us rekna som det største og beste Ten Sing koret i Hordaland, og vi må vel kunne sei at det gjekk gjetord om koret i Ten Sing-kretsen.

Vi har ikkje tal på kor mange ungdommar i Os som har hatt kortare og lengre del av ungdomstida si i Join Us. No håpar vi at flest mogleg av de som har vore ein del av miljøet vil vera med å feire jubileet i september.
Vi ønskjer å samle folk frå ulike tidsepokar gjennom 40 år, til øving jubileumsdagen, med påfølgande konsert og ein herleg festkveld med mykje mimring!

Meld deg på til å vere med i "ditt" Join Us Gospel- / Ten Singkor!
For å bli med å syngje i eitt av kora er påmeldingsfristen sett til 1. mai.
Prisen for arrangementet er ikkje fastsett, den må vi kome tilbake til.

Påmeldte vil etter kvart få tilsend gospel-låtar frå 'sin' epoke, og kanskje får vi til eit stor-kor også – uansett skal det bli ein skikkeleg gospel-laurdag.
Program for dagen vil vere øving i dei ulike kora, ein fellesøving og konsert i Os kyrkje, så rundar vi av med ein skikkeleg festkveld i den nye storsalen i Tunet – Kyrkje- og kultursenter.

**Meld deg på via nettet: os.medarbeidaren.no**.

*Elin S Skaatun og Anne S Andersson*

# #MEG

**Den 20. mars hadde me for fyrste gong trusopplærings tiltaket #MEG.**

Kva er #meg seier du? Det er ei samling der me innbyd dei som vert 13 år i inneverande kalendarår til ei samling der me snakkar om 3 sentrale element i det som ligg føre dei, ungdomstida. Emna er identitet, sjølvbilete og respekt. Totalt var me 15 stykk med denne kvelden;

10 tenåringar og 5 vaksne. I tillegg til oss som jobbar her på huset var Anne Magnus med og hadde eit av dei tre innlegga medan Knut Inge Johnsen var med og tok stilige portrett av kvar av deltakarane. Samlinga var i vel 3 timar totalt. Eg hadde det veldig kjekt saman med tenåringane som hadde mange spørsmål om det meste, det trur eg dei andre som var med kan skrive under på og.

For dei av dykk som les dette og har born eller barneborn i denne aldersgruppa, ikkje gløym at me har ein ungdomsklubb for dei som dei er inviterte til og verte med i frå hausten av samt at dei kan og melde seg inn i Join Us ten-sing koret vårt.

# Skapingsdagane 2017

## Trusopplæringstiltak for 1. og 2. klassingar

*Mandag 26. - onsdag 28. juni er det igjen klart for Skapingsdagane i Os kyrkjelyd! Oi, så me gler oss!*

Skapingsdagane» er eit tilbod for 7-og 8-åringane i Os. Dei vert invitert til kreative dagar saman med flotte kunstnarar, til bruka heile seg og skapa noko nytt ved å bruka seg sjølve, ulike materiale og på ulike måtar. Barna er her frå 09-15 desse tre dagane. Nytt i år, er at avslutningsgudstenesta blir på onsdag kveld, i staden for og vente heilt til søndag. Dei får velja i 6 ulike kurs; Keramikk, dans, drama, maling, trommer og foto. Dei fleste kunstnarane er med på 3. året. Nytt av året, er Dish Haugsdal, som kjem inn og har maling med barna.

Invitasjon kjem i posten til barna, i starten av mai og husk og melde dykk på innan tidsfristen. Invitasjon kjem i posten til dei som er døypte, men ALLE i same årskull er hjerteleg velkommen til og melde seg på, på lik linje. Det blir annonsert på heimeside, avis og det vil kome informasjon på Facebook gruppa til Os kyrkjelyd. **www.os.kyrkja.no**

Skapingsdagane fekk i 2016 Trosopplærings-prisen, nasjonalt! Dette er me veldig stolt av, og gler oss til og ta imot nye barn desse dagane Å du, gjer deg klar til å skapa!

*Hege Varhaug-Lekven,*
KYRKJELYDSARBEIDER



**I 2016 fekk Os kyrkjelyd trosopplærings-prisen for «skapingsdagane», kåra til beste tiltak i heile landet 2016.**



# KVA SKJER FRAMOVER?

I Juni vil me køyre to tiltak for dei mellom 12 og 18 år. Faktisk er det begge dei to målgruppene sine tiltak som vert arrangert no iløpet av forsommaren. Begge tiltaka vert arrangert i Juni.

## På utskytingsrampa

Som nemnt ovanfor er «på Utskytings-rampa» for dei som vært 18 dette året. Her vert det fokus på det å værte myndig og ta sine eigne val og alt knytta til dette. Me vil og få med oss Andreas Gravdal som vil bidra med innlegg rundt ymse tema. Adressa for dagen er Villaen på Kongshaug. I tillegg til gode innlegg og samtale i grupper vil me og ete eit betre måltid saman. Datoen for dette er 10 juni. Er du i målgruppa og har spørsmål knytt til dette eller kjenner nokon som dette er aktuelt ta kontakt for meir info. Invitasjon vil komme i posten og.

## Godheitsdagen

Det andre tiltaket som vil gå av stabelen er «Godheitsdagen». Ideen er at me kan vere med og vise godleik til dei rundt oss. Dette er eit tiltak retta mot 12.åringane i kommunen. Dette er eit tiltak med har ynskje om at skal bli merka av mange i OS.






Hallbjørn Barman

# Frå Fræna til Os

*Hallbjørn Barman 43 år. Det første du legg merke til er ein høg og flott kar med eit stort smil. Han er glad i å prate med folk, han er flink å gje komplement og spreier mykje glede der han er. Dette er gode kjenneteikn!*

Når Hallbjørn kom til Os i sommar, var heile familien samla i Os-bygda. Allereie hadde mor og far, Eli og Kjell Barman, flytt til Os. Frå før hadde bror og søster, Kjetil og Sunniva, etablert seg med familiane sine her på Os. Foreldra hadde funne husvære i Os Sjøfront, og dei søkte og fann bustad for Hallbjørn nær Bjørnefjorden Bufellesskap.

## Hallbjørn - ein allsidig herremann

Sidan mor og far allereie var frivillige i kyrkjelyden var det naturleg å spørje kyrkjeverja, Gerhard August Hansen, om det fantes arbeid i kyrkja som Hallbjørn kunne gjere, to dagar i veka.

Det var ikkje vanskeleg å finne arbeidsoppgåver i Os kyrkja og på gravplassane Os og Kuventræ; alt frå å rydde kyrkja måndagar, ordne tala som heng på veggene, tørke støv, støvsuge og leggje til rette for dei som skal bruke kyrkjene. På kyrkjegardane har Hallbjørn klipt plenar, rydda lauv og kvistar, grusa og fylt på singel, og ikkje minst skore kantane langs gangvegane på kyrkjegardane. Det har vist seg at Hallbjørn også er ein god Vaktmeister, han er rett og slett flink å halda orden, og han fyller gjerne på papir i dispensarar som har gått tomme.

*Kva er det kjekkaste du har gjort?*
Det er å kjøre kvistar og greiner gjennom flise-maskina!
*Kva er det vanskelegaste du har gjort?*
Det er to ting; dei eine er å leggje saman det runde teppet som ligg på golvet i barnekroken i kyrkja. – og det andre er å skjere kantar langs gangvegane på kyrkjegardane. Det er ikkje lett!
*Du har jo hatt ein assistent med deg, korleis er det, har dei hjelpt til?*
Å ja, dei er med og jobbar dei også, elles hadde eg ikkje vorte ferdig med arbeidsoppgåvene til rett tid.
Assistenten fortel at det har vore givande å vere med Hallbjørn i denne tida, at dei har lært mykje om kyrkja og om gravplassane. (Assistenten har og hjelpt litt til med dette intervjuet.)

## Mykje kunnskap

Hallbjørn har ein utruleg god husk, så det han lærer, det huskar han. Han veit kor tid Os kyrkja vart bygd, og han veit utruleg mykje. Kjempekoselege lunsjar!
Vi i staben på kyrkjekontoret har hatt stor glede av å ha selskap i lunsjpausen av denne flotte karen og hans assistent, måndagar og onsdagar.

Ein gong trudde Hallbjørn at han måtte ete lunsj i skuret på Kuventræ, men stor vart gleda då han fekk vite at han skulle til Os og eta lunsj. Hallbjørn og assistenten fortel at dei synes staben er ein inkluderande og fin gjeng å ha lunsj saman med. I dag var det siste lunsjen og Reidar Berge, som har vore arbeidsleiar for Hallbjørn, hadde kake med til alle. Den var god!

*Korleis er det med hobbyar?*
Eg har halde på med musikk heile livet! Eg er musikalsk og har god rytme. Eg spelar både på djambe og slagverk og eg er med i bandet «Hallbjørn Barmans trio» der Norvald Kobbeltvedt spelar på gitar og Steinar spelar trekkspel. Vi har opptredd med bandet på kyrkjelydens julemesse og på ein Søndagssamling. Då dansa faktisk soknepresten og fleire til «Per Spelemann». Det var gøy! Saman med Anita Haugland Berge spelte eg djambe ved ei av gudstenestene i Os kyrkje. Eg gjekk på kurset «Bli kjend i kyrkja» i haust, ute i Nore Neset kyrkje, så eg er godt kjend også der ute.

## Torsdagsklubben i Os

Og det skal du vite, seier Hallbjørn, at det er ikkje alle utviklingshemma som har ein klubb å gå på, slik som eg har. I Fræna gjekk eg på Tirsdagsklubben, det er litt det same som Torsdagsklubben her i Os.
På Torsdagdklubben i Os får vi vere med på mange ting, vi har Quiz og Bingo, vi har Segway eller karaoke som det heiter, vi får vere med på mange slags utflukter, som for eksempel gardsbesøk på Garnes. Neste gong skal vi på Halhjem Kjøkken, der er det middag først og dans etterpå.
Elles likar eg å sykle. Eg har fem onkel-barn, og det er kjekt!

I skrivande stund – som er i mars månad, står Hallbjørn klar til å begynne i jobb på Os Asvo. Underteikna takkar for eit hyggjeleg intervju og ønskjer Hallbjørn lukke til i den nye jobben! Og ein ting er sikkert; dei er heldige som får Hallbjørn som kollega og ven!

*Inger-Johanne Haugland*

# Vi tror på Skaperen, Gud

(242)

Per Harling (f. 1948) er ein svensk prest, forfattar, komponist og salmediktar. Han har arbeidd mykje med gudstenesteutvikling i Sverige, og har leidd ei rekkje salmeprogram på svensk TV. Han skreiv også tekst og musikk til Träd in i dansen, folkedansmessa som vi song for 2 år sidan.

*Andrew Holman*



1. *Vi tror på Skaperen, Gud.*
   *Vi tenner et lys i Guds navn.*
   *Gud blåser inn liv i vår verden,*
   *Vi tror Gud er her!*

2. *Vi tror på Jesus, Guds Sønn.*
   *Vi tenner et lys i Guds navn.*
   *Gud ble en av oss i vår verden.*
   *Vi tror Gud er her!*

3. *Vi tror på Ånden, vårt håp.*
   *Vi tenner et lys i Guds navn.*
   *Guds Ånd skaper tro i vår verden.*
   *Vi tror Gud er her!*

# NMS fyller 175 år

**I 1842 ble NMS (Det Norske Misjonsselskap) stiftet i Stavanger, og det skal vi markere**
i sommer fra 28. juni til 2. juli med både Sommerfest, generalforsamling og 175-årsjubileum – i Stavanger, selvsagt. Det blir noen dager tettpakket med variert program i Stavanger Forum i Stavanger. Se «plakat» på side 16)

**NMS i bevegelse**
NMS er i bevegelse, og den som beveger er Gud. Han vil at vi skal bli beveget slik at flere mennesker deler troen på Jesus, fattigdom blir utryddet og urettferdighet blir bekjempet. 28. juni – 2. juli 2017 går NMS sin Sommerfest & generalforsamling av stabelen i Stavanger Forum.

**Meld deg på!**
Det er også 175 år siden NMS ble grunnlagt, og vi planlegger en stor jubileumsfeiring. I løpet av sommerfesten skal vi også drøfte NMS sin strategiplan og velge nytt landsstyre.
Tema for årets sommerfest er «Grenseløst?». Det er fordi Guds kjærlighet er større enn den største synd, nåden er uten ende og fordi kallet til å dele troen er grenseløst – det gjelder alle mennesker!

**Meld deg på ved å gå inn på www.nms.no/sommerfest – eller ta kontakt på tlf. 51 51 61 00.**



## Sokneprestens hjørne:

## «Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje?» (Jesaja 43,19)

Det er vår, det spirer og gror. Laukane vi sette i jorda i haust er i ferd med å syna kva som bur i dei. Blad av krokus, liljer og tulipanar strekkjer seg mot sollyset, knoppar brest og dei fyrste blomane gler oss med sine vakre fargar. Kvart år vert eg gripen av dette forunderlege.

Dei brune, livlause laukane ber i seg denne livskrafta. Når dei rette føresetnadene er til stades, vert livskreftene slepte laus. Dei laukane eg sette i jorda for nokre månader sidan, vert til vakre blomar.

Også i kyrkjelyden spirar og gror det om dagen. Kyrkjetun trinn 3 er endeleg realisert. Rammene er lagd. Og vi kan gle oss over at det veks og gror i arbeidet på mange plan, ma: Laurdags-sprell for familiar , Tweenskor og ungdomar som tek ansvar og startar eiga KRIK-gruppe. Det er mykje å gle seg over. Vi skulle så gjerne hatt krefter og mannskap til så mykje meir. Alltid noko ein ikkje synes ein gjer bra nok. Alltid noko å strekkje seg etter.

Men eg tenkjer: Det må vere lov å gle seg over alt det fantastiske som hender. Det må vere lov å takka Gud for alt og alle som bidreg. Det må vere lov å ha tiltru til dei kreftene som ligg i såkornet, Gudsordet, skaparordet. Har tulipanlaukar kraft i seg til å verte vakre blomar, må vi og tru at Guds rike hjå oss har krefter i seg til å veksa fram. Vi skal få lov å seie med Paulus: *«Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst.»*

*Margrethe Holmboe Askeland*
SOKNEPREST

# Notat soknerådsmøtet 23. mars

*23. Mars møttes soknerådet til nytt soknerådsmøte. Sakslista var i korte trekk å treffe den nye Prosten i Fana, Kristin Litlere og få besøk ifrå tilsette og representantar ifra Barne og Ungdomsarbeidet i menigheten.*

Her kom det fram mykje spanande, og Prosten var glad for å se alt det gode arbeidet som gjekk føre seg i Os Kyrkjelyd. I særs var ho glad for å høyre om hvor velfungerende mye av barne og ungdomsarbeidet var, og ikkje minst hvor flott det nye bygget vårt var blitt. Prosten kom og med nokre utfordringar til kyrkjelyden. Den eine utfordringen var å kanskje arrangere ei Gudsteneste for nye innflyttarar i bygda.

Ellers fekk vi høyre ifra representanter ifra shubadubs, babysong, tweensing, speidaren, lørdagssprell familiekrik , og «ungdomskrik». Her var det mykje spanande i gong, og rapportane vi fekk høyra var blant anna at speidararbeidet hadde så mykje etterspurnad at dei ikkje ville reklamere for seg sjølv pga «frykt» for å bli for mange. Babysong, shubadubs og tweensing arbeidet hadde mykje flyt for tida, men eit kor ifra 6-10 år var kanskje noko som mangla i det kontinuerlige arbeidet i kyrkjelyden.

Lørdagssprell og familiekrik hadde og veldig god oppslutning, men Lørdassprell savna kanskje ein til ansvarlig voksen til å være med ein lørdag i månaden. Ungdomskrik snakka og litt om det nyoppstarta arbeidet deira for ungdom i Os. Dei hadde hatt to gode samlingar til no, og dette var eit tiltak alle på møtet var glade for at var kome i gang, i og med at ungdomsarbeidet i Os har hatt ein liten nedperiode dei to/tre siste åra no.

Til slutt i møtet snakka Soknerådet litt om påskefeiringa i Os, og her blei det spesielt trukke fram eit ønskje om at flest mogleg skulle få sjå og ta del i den flotte påskeutstillinga som i år og er satt opp inne i Os Kyrkja.

# Godt val av sokneråd

## - notat frå Tonje Hernes

**Eg hadde permisjon I mitt første år som medlem av soknerådet. Difor var eg litt spent då eg hausten 2016 skulle tre inn i vervet. Kva hadde eg sagt ja til?**

Dette er min konklusjon: eg kan gratulera kyrkjelyden med eit godt val av sokeråd. Her er eit kompetent utval av engasjerte menneske som ønskjer å gjere kyrkja vår til ein møteplass for store og små i alle livets fasar. Og kjernen for heile vår verksemd er Jesus. Tenk at dette namnet har så stor kraft at me 2000 år seinere, I ein utkant av Europa, I ei bygd på Vestlandet, samlar kyrkjelyden til gudsteneste kvar søndag, at me får ta imot nattverden, har babysong, LørdagsSprell, ungdomskor, familieKRIK, fredagstaco, språk-kafè, speidarar, familiekoret ShubaDubs, besøksteneste, at alle som vil er invitert til å la seg døypa, inngå ekteskap og ta eit verdig farvel med sine kjære. Frå krybbe til grav.

Og no står det nye Tunet ferdig. Det nye forsamlingslokalet I kyrkjelyden. Soknerådet er stolt over arbeidet som her er gjort og pengar som er samla inn til dette formålet. Tunet vart feira tre dagar til ende 10.-13. mars med eit fullspekka program. Takk til alle som på ein eller annan måte har bidratt.

Sokerådet har stadig viktige saker på agendaen framover. Kommunereformen krever eit tettare samarbeid med Fusa sokn, og me har stor tru på eit imøtekommande samarbeid og at me kan dra nytte av kvarandre. Det er fristande å tenkje at me her står I ein tradisjon som skriv seg attende til dei første kristne kyrkjelydane, og eg tenkjer på Paulus si formaning til korintarane:

*«Eg legg dykk på hjartet, sysken, ved vår Herre Jesu Kristi namn, at de må vera samde. De må ikkje splitta dykk i flokkar, men vera nært knytte saman, i same syn og same tanke»*

*(1Kor 1,10)*

KLIMAFAKTA OG MILJØTIPS:

# Kyrkja og klima

**Leiinga i kyrkja har i mange år vore oppteken av klima og vern om skaparverket. På Kyrkjemøtet i 2007 vart det halde fram at me alle må forsaka noko av vårt forbruk for fellesskapets beste.**

På kyrkja si heimeside står det: «Når me skal velja ein berekraftig utviklingsveg framover, må me handla slik at andre kan handla på same måte som oss». Dette er eit utfordrande krav. Klimagassutsleppa i Noreg er på vel 10 tonn CO2-ekvivalentar per person per år. For eit berekraftig nivå, må utsleppa våre ned til ein tidel av dette, til berre vel eitt tonn.

Dei 10 prosent rikaste i verda er ansvarlege for heile 50 prosent av utsleppa. Hadde denne gruppa redusert til gjennomsnittet i EU, ville globale utslepp vorte redusert med ein tredel. Det er ei klar grense kor mykje klimagassar som totalt kan sleppast ut. Alt ekstra me rike slepp ut, ofte utan at det er naudsynt, går difor ut over fattige som då må kutta tilsvarande mykje, sjølv om dei for eit minimalt livsopphald treng meir enn det dei no brukar.

På kyrkjemøtet i januar 2017 var klima oppe som tema i samband med at prosjektet «Skaparverk og berekraft» vart formelt avslutta. Kyrkjemøtet understreka at kyrkje sitt klimaarbeid skal halda fram. Arbeidet med grøne kyrkjelydar vil stå sentralt og det skal satsast på å redusera utslepp frå eiga verksemd, reiser og anna. Alle må bidra om utsleppa skal kunna gå ned så raskt som klimakunnskapen krev.

**Gunnar Kvåle**

# Os YMC (Os Y´s men club) er 30 år.

OYMC er ein klubb for menn og har 2 viktige formål; det eine er å støtte opp under kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid. Det andre formålet er å skape eit felelsskap der ein løfter fram ulike tema og får meir kunnskap, men og kan utvikle vennskap og fellesskap.

Klubben har møte ca 1 gong/mnd i TUNET kyrkje- og kultursenter.

**30-års jubileet vert feira med gudsteneste sundag 21. mai i Os kyrkje og etterfølgjande samling i Oseana for medlemmer og gjestar.**



Хочеш навчитися говорити норвежською краще?

Ласкаво просимо!

# Velkommen på språkkafeen i Os

هل تريد ان تتعلم وتتكلم النرويجية؟

أهلا وسهلا

Õpid norra keele? Tere tulnud!!

WELCOME!

Dobro dosli!

DO YOU WANT TO LEARN AND IMPROVE YOUR NORWEGIAN?

**Vil du snakke bedre norsk? Velkommen på språkkafé!**

***Hvem er språkkafeen for?***

- For deg som ønsker å øve på å snakke bedre norsk.
- For deg som vil hjelpe andre til å snakke bedre norsk.
- For alle; barn ungdom og vaksen
- **Tilbudet er gratis.**



**Sted:** Kyrkjetunet i Os sentrum, Adr. Øyro 49

**Tid:** onsdager kl.17-19

**Dato:**

| | |
|---|---|
| 11.januar | 22.mars |
| 25.januar | 5.april |
| 8.februar | 19.april |
| 22.februar | 3.mai |
| 8.mars | 31.mai |

**Bli med i facebook-gruppa *"Språkkafeen i Os"***

Kontaktinformasjon: Jannike G Rogne
tlf.56572406 eller e-post: jgr@os.kyrkja.no

Norske Kvinners Sanitetsforening · OS Kyrkjelyd · Norsk Folkehjelp · Os kommune Flyktningtenesta · OS FRIVILLIG SENTRAL

GRENSELØST?


Foto: iStock


Helene Bøksle


Ole Paus


Heine Totland og Gisle Børge Styve

# Velkommen til Sommerfest

28. juni - 2. juli 2017

Det blir dager med tettpakket og variert program. **Tomm Kristiansen** kåserer. Det blir musikk, humor og grenseløs energi med **Heine Totland og Gisle Børge Styve. Per Arne Dahl** leder salmesang med bl.a. **Ole Paus og Helene Bøksle** på Domkirkeplassen i Stavanger. Selvfølgelig ser vi oss også tilbake – på humoristisk vis med humorgruppen **«Galen i Halen»** og forestillingen **«Luther med latter»** – men mest av alt ser vi framover!

**For påmelding: www.nms.no/sommerfest**
**facebook.com/nmssommerfest**

Margareth Mbugua


Paul Erik Wirgenes


Tomm Kristiansen


Aril Schøld


Per Arne Dahl


Marianne Skjortnes


Rita Elmounayer


NMS

## Støtt våre annonsører


**ING. G. VÅGE A.S**

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?*
*Når du trenger elektriker*
*kontakt Gunnar*

Sag og høvleri
**DRANGE BRUK A/S**

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

DRENERING • MURING • SPRENGING
**BOTNEVIK**
Alt innen graving og transport
**Ring Olav på 924 60 307**
**Bård A. på 951 13 187**
TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**OS HAGESERVICE**
alt innen hage

**Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no

**TRAVELNET**
REISEGARANTI-FONDET RGF
**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | **www.verden.no**

**FUSA GRAVMONUMENT**
**ØYVIND HELLAND**

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

**KVALITET!**
Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE
**PM Sælen & Co AS**
Tlf. 56 30 44 90
JERNIA
www.jernia.no

**GRAVMINNER**
**Stor salgsutstilling av nye monumenter**
**Tilføyelser / Oppussing**
EIKNER 1908 100 ÅR 2008
**STEINRIKET**
EIKNER NATURSTEIN
**ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN**
**TLF. 55 98 70 00**

Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon**
**56 57 49 50**
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve.
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

**www.osgravferdsbyraa.no**

## DØYPTE

**22. januar**
Yan Vitor Candido Fernandes ..... f. 18.02.2002
Christian Garvik Eriksen ..... f. 14.11.2016
Artur Hagevik ..... f. 28.10.2016

**29. januar**
Johannes Bjaadal ..... f. 04.11.2016
Max Philip Lande Faller ..... f. 17.09.2016
Even Vik Rivenes ..... f. 20.09.2016

**12. februar**
Maja Frostad ..... f. 25.08.2016
Ulrikke Jacobsen ..... f. 16.09.2016
Noah Marum Lygre ..... f. 19.10.2016
Olava Kjosaas Strand ..... f. 22.10.2016

**19. februar**
Jan Henrik Robberstad ..... f. 22.08.2002

**26. februar**
Marina Vinita Kyrkjeteig Bjørnør ..... f. 08.11.2016
Emma Marie Lihaug Hetleflåt ..... f. 14.11.2016
Carlos Dyrstad Ingebrigtsen ..... f. 26.11.2016
Thea Emilie Hitland Rønning ..... f. 12.11.2016
Petra Meland Skoglund ..... f. 19.09.2016
Rebekka Victoria Torbjørnsen ..... f. 06.10.2016
Synneva Lothe Vindenes ..... f. 15.10.2016

**5. mars**
Bjørn Lukas Gusmao-Holmefjord ..... f. 23.06.2016
Nicolai Lothe Troland ..... f. 31.12.2016

**12. mars**
Pål Rye Aasheim ..... f. 20.01.2002
Lucas Lindborg Carlsen ..... f. 19.11.2016
Sander Håland Lepsøe ..... f. 27.11.2016
Daniel Moberg ..... f. 08.01.2017
Hanna Klakegg Rein ..... f. 05.01.2017
Einar Lie Riise ..... f. 10.01.2017
Helle Gaustad Strømme ..... f. 30.11.2016

**26. mars**
Nicolay Lunde Burarøy ..... f. 03.12.2016
Emilie Madelen Lyngsgård ..... f. 03.12.2016
Olai Svoldal Markeset ..... f. 28.12.2016
Eir Malkenes Skretting ..... f. 14.09.2016
Albert Van Duinen ..... f. 14.11.2016

**2. april**
Ole Lundervik Bøthun ..... f. 10.12.2016
Emilian Døsen Moen ..... f. 10.01.2016
Victor Tarlebø-Liland Stabben ..... f. 01.02.2017
Edvin Jørgensen Tvedt ..... f. 29.10.2016

**9. april**
Isabella Alvarado-Kroge ..... f. 30.01.2017
Ulrik Olander Dyngeland-Hjelle ..... f. 17.10.2016
Emmely Lunde ..... f. 13.12.2016
Oliver Lunde ..... f. 13.12.2016

**16. april**
Thomas Øvreeide Bogen ..... f. 23.10.2016
Felix Saron Johannessen ..... f. 01.01.2017
Martinus Lekve Johansen ..... f. 06.02.2017
Marta-Kristin Milde Lekven ..... f. 02.01.2017
Georg Ørnes-Sandven ..... f. 11.01.2017

Rørlegger Titlestad
MESTER

• NYBYGG
• REHABELITERING
• VANNBÅREN VARME
• SERVICE

Ring for gratis og uforpliktende befaring
Tlf 480 68 830

mail:
titlestad93@hotmail.com

www.rørleggertitlestad.no

## Takkoffer

*Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 22. januar 2017*

| | |
|---|---|
| **29.01.17** | Kristen Idrettskontakt/ KRIK,kr 7 837,- |
| **05.02.17** | Ungdom i oppdrag, kr 5 702,- |
| **12.02.17** | Det Norske Bibelselskap, kr 6 458,- |
| **19.02.17** | Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, kr 5 772,- |
| **26.02.17** | Kyrkjetunet, kr 6 486,- |
| **05.03.17** | Den Norske Israelmisjonen, kr 3 282,- |
| **12.03.17** | Barnearbeidet i kyrkjelyden, kr 11 001,- |
| **19.03.17** | Kyrkjetunet, kr 6 192,- |
| **26.03.17** | Misjonsprosjektet, kr 9 067,- |

## DØDE

**Øyvind Bjørnen**
f. 17.08.1934 - d. 17.01.2017

**Erling Martin Balland**
f. 08.07.1928 - d. 18.01.2017

**Malvin Lønningdal**
f. 15.02.1945 - d. 21.01.2017

**Sylvia Elfrid Brade**
f. 03.04.1953 - d. 26.01.2017

**Kari Moberg**
f. 30.09.1958 - d. 31.01.2017

**Jorunn Liadal**
f. 10.05.1950 - d. 03.02.2017

**Anne Sørestrømmen**
f. 19.11.1923 - d. 04.02.2017

**Norunn Leiknes**
f. 26.05.1947 - d. 11.02.2017

**Olav P. Lekven**
f. 20.09.1925 - d. 13.02.2017

**Rita Storum**
f. 29.09.1959 - d. 15.02.2017

**Torhild Dagdevir**
f. 20.04.1948 - d. 17.02.2017

**Arvid Peder Eikaas**
f. 31.03.1946 - d. 18.02.2017

**Magnhild Ruland**
f. 22.10.1923 - d. 21.02.2017

**Lars Hefte**
f. 26.02.1925 - d. 22.02.2017

**John Johnsen**
f. 10.03.1931 - d. 23.02.2017

**Harald Soltveit**
f. 20.09.1924 - d. 28.02.2017

**Roy Johansen**
f. 27.10.1947 - d. 02.03.2017

**Jane Lindborg**
f. 31.07.1957 - d. 02.03.2017

**Dagny Gaassand**
f. 03.06.1929 - d. 05.03.2017

**Rasmus Skorpen**
f. 02.09.1933 - d. 05.03.2017

**Lilly Amalie Skarstein**
f. 03.02.1917 - d. 08.03.2017

**Ågot Solbakken**
f. 18.09.1919 - d. 09.03.2017

**Asbjørn Ingvald Møldrup**
f. 29.09.1926 - d. 15.03.2017

**Arne Nielsen**
f. 27.12.1950 - d. 21.03.2017

**Åsbjørg Marie Halhjem**
f. 11.09.1928 - d. 28.03.2017

**Ingeborg Monsen**
f. 16.05.1928 - d. 29.03.2017

## OS KYRKJE

06.05.17 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon
07.05.17 kl. 10.00: Dåp
07.05.17 kl. 11.15: Nattverd
14.05.17 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon
17.05.17 kl. 10.00: 17-mai
21.05.17 kl. 11.00: Lovsong og band. Nattverd.
28.05.17 kl. 11.00: Dåp. Barnekorfestival.

04.06.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
05.06.17 kl. 16.00: Nattverd.
11.06.17 kl. 11.00: Sommerfest
18.06.17 kl. 10.00: Dåp.
18.06.17 kl. 11.15: Nattverd.
25.06.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
28.06.17 kl. 17.00: Avslutning skapingsdagane

02.07.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
09.07.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
16.07.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
23.07.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
30.07.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

06.08.17 kl. 10.00: Dåp.
06.08.17 kl. 11.15: Nattverd.
13.08.17 kl. 11.00: Dåp. Konfirmantjubileum
20.08.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
20.08.17 kl. 16.00: Utdeling av 6-årsbok.
27.08.17 kl. 11.00: Dåp. Konfirmantpresentasjon.



## NORE NESET KYRKJE

30.04.17 kl. 11.00: Lovsong og band. Dåp. Nattverd.

07.05.17 kl. 10.00 og 12.00: Konfirmasjon
13.05.17 kl. 9.30, 11.30 og 13.30: Konfirmasjon

21.05.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
18.06.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

20.08.17 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 6-årsbok.

## LYSE KLOSTER KAPELL

05.06.17 kl. 11:00: Dåp.
27.08.17 kl. 13.00: Dåp.

**Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.**




# OS Kyrkjelyd

## TILSETTE:

**SOKNEPREST:**
Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

**KAPELLAN I OS**
Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

**SENIORPREST**
Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
tf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

**KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:**
Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

**SEKRETÆRAR:**
Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

**UNGDOMSARBEIDAR:**
Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**KATEKET:**
Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

**DIAKON:**
Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

**KANTOR/ORGANIST:**
Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anita Haugland Berge, ahb@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09, mob: 990 26 544

**FRIVILLIGKOORDINATOR:**
Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

**KYRKJELYDSPEDAGOG BARNE- OG FAMILIEARBEID:**
Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:**
Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272
Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:**
Reidar Berge (mob 416 52 042),
Trygve Helgesen og
Linn Kjerstin Ø. Rondestveit

Avs:
**Os kyrkjelyd**
Postboks 209
5202 Os

# BARNESIDA

# Pinsevandring på Pilgrimsvis

## Trusopplæringstiltaket for 10-åringane



*Søndag 28 mai skipar vi til ny pilgrimsvandring. Barna vil bli kjent med pinseforteljinga i dei vakre omgivelsane i og ved Lystekloster.*

Denne dagen får dei og kjennskap til uttrykket pilgrimsvandring. Det vil vera munker til stades, som syng og gjer det heile meir autentisk. Speidaren i Os er med på dette tiltaket.

10-åringane vil få gjera oppgåver som relateres til pinsehistoria. Det vil vera spikking, brubygging og andre kjekke oppgåver i løypa. Alle som er døypte i Os vil få invitasjon i starten av mai. Dei som ikkje er døypte, i same kull, er sjølvsagt like velkomne. Bare ta kontakt.

**Er du vaksen og har lyst og vera med og bidra denne dagen, på dette kjekke prosjektet, ta kontakt med kyrkjekontoret.**



### DAGENS BØNN

## Så fint det er

*Gud, skap i meg eit reint hjarta, gjev meg ei ny og stødig ånd! salme 51,12*

Så fint det er
å kaste frå seg skitne kle
bli bada og skrubba
og bli heilt rein.

Så fint det er
at eg kan gløyme alt det
dumme
eg har gjort.

Så fint det er, Gud,
at eg får kome til deg.
Kvar dag på ny.

*Oskar Stein Bjørlykke etter*
*Britt G. Hallqvist*

## MORRO KLOMPEN

### Karakter
Mor: - Hvor er karakterboka di?
Per: - Jeg lånte den bort til Ole.
Mor: - Hvorfor det?
Per - Han skulle skremme foreldrene sine.

### Stupedame...
Lille Tobias spør farmor:
Farmor, farmor kan vi dra
til svømmehallen?
Farmor spør: hvorfor det da?
Lille Tobias svarer: for pappa
sier at når du stuper blir vi rike.

*Ungdom er som ost:*
*Den lar seg ikke stanse,*
*den må gjære og*
*renner over.*

*Martin Luther*